



## Mentor på arbeidsplassen

Jobben gjev mange av oss ein stad å høyre til, arbeidskameratar og ein inntekt å leve av. Du kan glede deg til helg og til feriane, du kan leggje deg trøytt og ha noko å stå opp til. Du lærer stadig noko nytt, du hører til ein stad.

Ikkje alle kan søkje seg rett ut i ein ordinær jobb. Å trene på ein god arbeidsplass er den beste måten å kvalifisere til arbeid. For mange som har kome flyttande til Noreg og Sogn, er det å vere i arbeid den beste måte å lære norsk på.

Mange bedrifter og kommunar i Sogn gjer ein viktig jobb med å tilby arbeidstrening. Gjennom prosjektet *Sogn for alle* tilbyr Sogn regionråd eit mentorprogram for tilsette som gjev opplæring, oppfølging og støtte til nykomlingane på arbeidsplassen.

**Kva?** Me tilbyr opplæring til dei som tek i mot innvandrarar på arbeidstrening og språktrening. I programmet set me fokus på tema som rettleiing og kommunikasjon, kulturell variasjon, psykisk helse og arbeid og konflikthandtering. Deltakarane vil vere med å gje programmet form. Ved å melde på tilsette bidreg verksemda i Sogn Regionråd sitt arbeid for integrering og inkludering.

**Kven?** Verksemda som mentoren jobbe i tilbyr arbeidstrening eller har eit stort rekrutteringsbehov. Mentor er ein tilsett som ofte får ansvar for å ta i mot nytilsette og deltakarar på arbeids- og språktrening. Dei er tett på og er ein kjentmann i høve arbeidsoppgåver og livet elles på arbeidsplassen. Dei gjev opplæring, oppfølging og støtte og er motivert for å lære meir om det å vere mentor.

**Korleis?** Mentorprogrammet består av fem samlingar i perioden september – 20. til mai -21. Verksemda gjev dei tilsette fri for å delta og får tilbake kompetaseheving innanfor viktige fagområder. Kvalitet i arbeidspraksis og språkpraksis er ein ønska effekt. Samlingane vert haldne i Sogndal og er gratis. Vestland Fylkeskommune og Sogn regionråd finansierar programmet.



### Interessert?

For meir informasjon kontakt Heidi Myrvold, tlf. 958 99 023.

Deltaking avklarast med nærmeste leiar.

Påmelding til  
[heidi.elisabeth.myrvold@sogndal.kommune.no](mailto:heidi.elisabeth.myrvold@sogndal.kommune.no)

Før på namn, bedrift, e-post, telefonnummer og namn på leiar.